

Arkivsaksnr: 2012/8462-0

Saksbehandler: Linn Myrvold

Dato: 04.03.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen	7/2015	

## Geiranger-Herdalen landskapsvernområde- Innspel til revidering av vedtekter for verneområdestyret samt stillingsinstruks for forvaltar.

### Bakgrunn

I brev av 18.12.2014 ber Miljødirektoratet om tilbakemeldingar på utkast til nye vedtekter for styrene og ny stillingsinstruks for forvaltar.

Bakgrunnen for å gjøre endringar i vedtekter og stillingsinstruks var å tydeliggjøre forholdet mellom verneområdestyrene, forvaltaren og fylkesmannen. Vedtektene skulle også tydeliggjøre ansvaret til de samisk oppnemnte representantane, og styrets rolle i forbindelse med verdiskapning knytt til verneområda. Det ble også bedt om at det ble tydeliggjort at valperioden for de samisk oppnemnte representantane skal følgje Sametingets valperiode. Vidare ble direktoratet også bedt om å vurdere om det kan være aktuelt å opne for at styrene kan delegere ytterligere oppgåver til forvaltar, samt at stillingsinstruksen for forvaltar ble revidert for å tydeliggjøre forvaltarens plikter som følgje av styrets instruksjonsmyndighet og styringsrett.

Verneområdestyret er bedt om å gje tilbakemelding på om utkast til vedtekter og stillingsinstruks er tydelige og dekker de forhold som styrene og forvaltar blir påverka av i forvaltninga. Vidare opnast det for innspel om fleire oppgåver som med fordel kan delegeras til forvaltar.

Frist for innspel er 15. mars 2015.

### Forvalters tilråding

Etter punkt 2. skal Verneområdestyret sjåast på som ein juridisk person med myndigheit til å inngå avtalar og ta på seg forpliktingar innafor dei økonomiske områda styret disponerer. Dette betyr at Verneområdestyret kan inngå avtalar utan underskrift frå Fylkesmannen noko som verneområdestyret vurderer som ei forenklande og positiv endring.

Punkt 6 omhandlar styrets muligheit til å delegere myndigheit til forvaltar i alle sakar som gjelder søknad om løyve etter verneforskrifta som er knytt til ferdsel og motorferdsel. Aktuelle områdar for delegering kan være mindre bagatellmessige tiltak, som for eksempel fasadeendring og mindre byggearbeid som riving og gjenoppbygging av uthus.

I punkt 6 kjem også det tydeleg fram at det er styret som disponerer forvaltars arbeidstid og at styret har fått muligheit til å påverke kven som skal fylle stilling/vikariat ved langtidsfråvær hos tilsett forvaltar noko som verneområdestyret vurderer som positivt.

I punkt 7 er krav til talet på styremøter økt frå 2 til 4 i løpet av året. Saksmengda kan variere mellom områda og frå år til år og det bør derfor være opp til styra å avgjere kor mange styremøter det vil være behov for.

Punkt 8 omhandlar styrets oppgåver og her er det ein del nye moment. Ansvar for heilskapleg forvaltning og internasjonale forplikingar er tatt inn i innleiinga. Vidare skal forvaltningsplanen innehalde ein fleirårig tiltaksplan og ein besøksstrategi. Aktuelle tiltak skal være i tråd med styringsdokumenter som forvaltningsplan, tiltaksplan og besøksstrategi. Styret kan som forvaltningsmyndighet legge til rette for verdiskapning innafor verneområda i tråd med vernets bestemmelser, men skal ikke opptre som næringsaktør. Styret har hovudansvar for informasjonstiltaka, og dette skal være i samsvar med Miljødirektoratets merkevarestrategi.

Det er positivt med ei tydeleggjøring av ansvar og oppgåver, samt at registrering i miljøvedtaksregisteret sikrar at interesseorganisasjonar og allmenta har tilgang til vedtak. Verneområdestyret stiller seg positive til at styret som forvaltningsmyndighet kan leggje til rette for at verneområdets potensial for verdiskapning utnyttas innafor ramma av verneforskrifta og naturmangfaldlova. Styret er elles einige i presiseringa om at styret ikkje skal opptre som næringsaktør

## **Vurdering av forslag endringar i stillingsinstruks for forvaltar**

Stillingsinstruksen beskriver nærare forvaltars oppgåver som skal være i tråd med vedtektane. Fagleg god kontakt med Fylkesmannen og Miljødirektoratet er vektlagt for å sikre kunnskapsbasert forvaltning. Vidare er god kontakt med grunneigarar og andre aktørar med interesser i verneområda vektlagt og då gjennom bruk av det rådgjevande utvalet.

Verneområdestyret merkar seg at fylkesmannen ikkje lenger skal kunne nytte seg av ledig kapasitet hos forvaltaren til andre oppgåver som ikkje ligg under styret for verneområdet. Styret meiner at det fortsatt bør vere opning for at Fylkesmannen kan disponere ledig kapasitet hos forvaltar så lenge dette skjer i samråd med styret. Dette er blant anna for at forvaltar skal få muligheit til å utvikle seg fagleg.

Arbeidet med førstegangsmarkering av verneområda er flytta frå Fylkesmannen til forvaltar. Merkearbeidet er noe som skjer ein gang, og ofte samtidig med at vernet blir vedtatt. Fylkesmannen har betre kunnskap om dette arbeidet og er dermed betre eigna til å ta dette arbeidet. På den andre sida vil arbeidet med merkinga og avklaring av riktige grensar gi en god muligheit for å bli kjent i verneområdet som skal forvaltas, og derfor positivt om forvaltar er involvert i. Den beste løysinga er kanskje at forvaltar og FM deler denne oppgåva, eller at forvaltar nytter FM som ressurs i arbeidet.

Punkta om at forvaltar saman med styret skal vurdere behovet for informasjonstiltak og bidra til å holde dei med krav på rettigheit informert om forvaltninga er fjerna. Informasjonsarbeid og kontakt med brukergruppene vurderas å være en viktig del av forvaltars arbeid. Dersom dette ikkje fangas opp på anna vis gjennom forvaltar og verneområdestyrets arbeid med merkevarestrategi og besøksforvaltning, må det tas inn som et punkt i instruksen. Plikten om å holde brukara orientert om vedtak er sikra gjennom miljøvedtaksregister og OEP.